

MØTEBOK

Tysnes kommune

Vedlegg	1	av/
Sak:		

Utval
FORMANNSKAPET

Møtedato
10.11.09

Arkivsak : 09/1019 -
Arkivkode: 000

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	10.11.09	PS 101/09

FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDARGERFJORDEN - UTTALE

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 10.11.09:

Ordføreren la fram slikt framlegg til uttale om Hardangerfjordforskrifta:

”Hardangerfjordforskrifta – uttale frå Tysnes kommune.

Tysnes kommune ser med stor uro på dei konsekvensar som kan følgja av innføring av Hardangerfjordforskrifta frå 01.01.10. Oppdrettsnæringa har vorte ei stor næring i Tysnes med ca 80 tilsette på anlegg og i foredlingsverksemd. Samfunnsrekneskap utarbeidd av NHO syner at ringverknadene er svært store. Storparten av denne næringa vil verta råka av forslaget til nye forskrifter.

I framlegget til forskrift skal kapasiteten i næringa byggjast ned i Hardangerfjorden med 20 000 tonn MTB i forhold til tildelt produksjonskapasitet i fjordsystemet. Dei store oppdrettsselskapa må flytta produksjon til andre område kor dei produserer eller flyttar til nye område. I begge tilfelle vil det få konsekvensar for sysselsetjinga i kommunar ein flyttar frå. For Tysnes kan det føra til at me får negative utslag også innan foredlingsverksemda i kommunen.

Tysnes kommune vert ekstra sterkt råka dersom Langenuen vert lagt inn under dei same restriksjonane.

I offentleg ordskifte og ikkje minst frå miljøørsla er oppdrettsnæringa ofte skulda for ikkje å vera miljømessig berekraftig. Ei næring som i så stor grad er avhengig av eit samspel med naturen, har høg sjølvkjensle på miljømessig berekraft både lokalt, regionalt og internasjonalt. Vidare utvikling av næringa må byggja på berekraft. Skal næringa likevel i framtida ta del i, og vera med å utvikla teknologi og kompetanse, må næringa ha rom for å utvikla rasjonelle og økonomiske driftsmåtar.

Oppdrettarane i Hardangerfjorden skipa i 2003 eit fiskehelsenettverk der dei samarbeider om felles tiltak for å redusera lusetettleiken og sjukdomsførebyggjande tiltak. Arbeidet gav gode resultat, men i 2009 har ein fått ei ekstra utfordring når det gjeld lusepopulasjonen i enkelte område.. Hadde oppdrettarane i andre område gått inn i tilsvarende samarbeid på den same tida, kunne situasjonen kanskje vore betre i dag. Uansett er det viktig at nettverket får rammer til å halda fram arbeidet sitt.

Slik me kjenner havbruksnæringa, er aktørane svært opptekne av fiskehelse og miljø. Næringa i området har laga ein plan for å få bukt med PD. Nokre av tiltaka som vert foreslått i forskrifta, kan vanskeleggjera gjennomføring av denne planen.

Oppdrettsnæringa treng langsiktige rammer. Det går ca tre år frå rogn vert lagt inn til denne fisken vert slakta. Forskrift som stadig endrar rammevilkåra for næringa, vil gjera det målretta arbeidet vanskeleg for næringa. Då er det viktig at næringa og offentlege instansar har eit nært samarbeid.

Til slutt vil me ta med at Tysnes kommune finn det svært positivt at næringa har skipa HardangerFjordLauget der målet er å få til eit utstrekt samarbeid med elveigarane for å få villfisken attende i elvane.”

VEDTAK I FORMANNSKAPET 10.11.09:

Formannskapet vedtek uttalen slik den ligg føre.